

Seie opp barnehageplass

Oppseiing av ein barnehageplass skal sendast elektronisk via Foreldreportalen. Når du loggar deg inn på Foreldreportalen vil valet «Sei opp plass» ligge knytta til alle barn med opphald. I denne linken kan du registrere siste dag i barnehagen (ønska dato) og eventuelt ein kommentar (valfritt). Når oppseiing er registrert og sendt vil du få ei stadfesting på e-post om at oppseiinga er motteken.

Ver merksam på at sakshandsamar kan overstyre sluttdatoen dersom den ikkje ligg innanfor barnehagen sine vedtekter. Dei fleste barnehagar har to månadars oppseiingstid, rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er levert. Meir informasjon om oppseiingstid og fakturering finn du ved å lese vedtektene til den enkelte barnehage. Du finn dette ved å klikke deg inn på heimesida til den aktuelle barnehagen (sjå under lenka «Barnehagar i Sykkylven»). Alle kommunale barnehagar har felles vedtekter. Dersom plassen vert sagt opp på vårparten vil ein kunne pårekne at det vert kravd betaling for plassen ut barnehageåret.

Foreldreportalen:

<https://foresatt.visma.no/sykkylven>